

Informasjon til heimen:

- Turen måndag denne veka går til heimen til Sissel Iren og til leikeplassen ved Trollongane barnehage.
- Det har vore ein del utfordringar på skulen og på SFO med tissing på heile toalettet og på golvet, til og med bak toalettet. Dette har blitt eit så stort problem at me ser oss nå nøydte til å låse dørene ein periode framover. Elevane må ha eit "dopass" og må få hjelp av ein vaksen til å låse opp døra og sjekke at alt ser fint ut etterpå. Mange slurvar òg med å trekke ned i do og å vaske hendene med såpe etter toalettbesøk. Me har òg sagt til gutane at dei skal sitje når dei skal tisse, for å få mindre søl. Me treng hjelp av dykk heime til å ta ein prat om dette og følge det opp. Når me ser ein betring, kan me begynne å sleppe opp igjen på rutinane. Dette gjeld både 1. og 2. trinn sidan dei deler garderober.
- Me vil gjerne at de kan hjelpe elevane våre med å rydde i garderoben. Det hopar seg litt opp med klede hos nokre. Før påskeferien skal alle ha med alle kleda heim slik at garderoben er tom.
- Me sender innkalling til utviklingssamtalar før påske, og gler oss til å gjennomføre desse i veke 16.
- Me håper alle får ein god påskeferie, og minner om at skulen startar opp igjen onsdag 8. april kl. 08.15. God påske!

Helsing Lars, Gry Tonje, Sissel Iren, Siri Erin, Anette, Aud, Hege, Janne og Ina

FAU-kontakt:	Telefonnr.:	Vara FAU-kontakt:	Telefonnr.:
Lene Austli	93262005	Randi Hadland	92087034
Trinnkontakt:	Telefonnr.:	Vara trinnkontakt:	Telefonnr.:
Elisabeth A. G. Opshaug	47287580	Siv-Iren Bergene Mydland	90402173
Randi Hadland	92087034	Lene Austli	93262005



Veke 13:

Lekse til:	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
	Arbeid med Leseark vår i mappa di saman med ein vaksen. Pass på at du får gjort begge sider før onsdag.	Arbeid med Leseark vår i mappa di saman med ein vaksen. Pass på at du får gjort begge sider før onsdag.	Les side 12 i Lesebok b saman med ein vaksen.	Les side 13 i Lesebok b saman med ein vaksen.
Hugs:				Tømme garderoben.

Veke 13	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
08.15-09.00	Samling Norsk	Samling Norsk	Samling Norsk	Samling Norsk	Samling Norsk
09.00-10.00	Zippy Leik	Matematikk Leik	Stasjonar Leik	Matematikk Leik	Gym
10.00-11.00	Tur til Rosseland.	Uteskule	Uteskule	Uteskule	Uteskule
11.00-11.30		Mat	Mat	Mat	Mat
11.30-12.45		Musikk: Kor	Praktisk matematikk Leik	Leik	K&H
		SFO/heim	SFO/heim	SFO/heim	SFO/heim
14:00	SFO/heim				

Tidpunkta for dei ulike faga kan variera frå klasse til klasse, men dette er ei oversikt over kva trinnet har i løpet av dagen.

Dette har me fokus på :	
Norsk	Me har fokus på å skape tekst.
Matematikk	Me arbeider med minus.
Sosialkompetanse	Me blir kjent med Zippys venner.

